

# SOGNDAI

kyrkjelydsblad

INFORMASJON



Nr. 11 mars 2021 | 49. årgang



God påske!



### Utgjeve av Sogndal kyrkjelege fellesråd

Redaktør: Hallgeir Øgaard Westli

Bankgiro: 3705.40.71206

Postadresse:  
Sogndal kyrkjelydsblad,  
Postboks 180, 6851 Sogndal

Besøksadresse:  
Stedjetunet, 2. etasje  
Kyrkevegen 6  
6856 Sogndal

Telefon kyrkjekontoret: 57 67 99 85,  
e-post: post@sogndal.kyrkja.no

Heimeside:  
[www.sogndal.kyrkja.no](http://www.sogndal.kyrkja.no)

Facebook og Instagram:  
Kyrkja i Sogndal

Grafisk:  
[printfarm.no](http://printfarm.no)

Kyrkjelydsbladet blir sendt til heimane i alle sokn i Sogndal kommune med unntak av Leikanger sokn. Det er også mogleg å tinga bladet for dei som bur utanfor sokna bladet vert distribuert til.

Neste nummer av kyrkjelydsbladet kjem ut i midten av juni. Stoff kan sendast til [post@sogndal.kyrkja.no](mailto:post@sogndal.kyrkja.no) innan 7. mai.

Bladpengar: kr. 300,- pr. år,  
kr. 400,- for abonnantar.

## LEIAR: *seige motbakkar*

Eg hugsar endå sist gong eg sprang heile mila på Knarvikmila. Det var hausten 2014, og eg har nok aldri vore i så god form som eg var då. Den sommaren var det varmt, og eg hadde bestemt meg for å trenere meg opp så godt eg kunne til å springe dei 10 km rundt i Knarvikjæ.

Sjølve turen hugsar eg godt. Eg gjorde det nok ikkje spesielt godt, sånn tidmessig. Eg stod ikkje akkurat i ein kamp om å koma på pallen, men fullførte på ein time og sju minutt, berre fire plassar frå sisteplassen i min aldersgruppe. Men eg var nøgd – eg hadde trass alt sprunge ei mil! Og det kjendest greitt når eg stod i målområdet. Ein deilig følelse – yes! Eg har fullført! Underveis var det til tider tungt, spesielt i motbakkan. Eg prøvde å psyke meg opp, berre nokre meter til opp denne bakken så kan du gå litt. Nei, forresten, no klarte du det, og du har då nok krefter til å springe nokre titalls meter til. Slik var det heile vegen.

Heilt til litt før mål. Då sa det stopp i toppen. Eg orka ikkje meir. Beina verkte, og trass pausar og godt med drikke underveis, kjende eg at det fekk vere nok. Som dei seier i fjellvettreglane: Det er ingen skam å snu.

Den gongen hadde eg eit val om å legge meg ned, bryte løpet eller

presse meg litt til. Eg valde det siste, og over den siste seige bakketoppen såg eg at det berre var nokre hundre meter til mål. Paradoksal nok målte mobilen min den siste kilometeren til den raskaste. Fordi eg fekk ny giv når eg såg at det ikkje var langt igjen til mål. Dei siste 600 meterane spurta eg det eg kunne!

Eg må sei.... Det siste året har vore som dette løpet. Mange motbakkar som skal forserast, dagar som blir til veker som blir til månader, der ein ikkje kan gjere som normalt, reise hit og dit, besøke den og den, fordi risikoene for at nokon vert smitta av eit virus er for høg.

I det eg skriv denne leiaren, er vaksinasjonen godt i gang i Noreg og i Sogndal, men det kjem nokre utbrudd her og der som gjer at ein fortsatt opplever at arrangement vert avlyste.

Eg håpar verkeleg at den tida vi no er inne i er den siste seige motbakken i eit løp som nok har vore litt for langt for dei fleste av oss, og at vi snart har mål i sikte og får ny giv til å stå ut løpet!

God påske!

*Hallgeir Øgaard Westli*

Redaktør

### Foto på framsida:

#### Stort bilete:

Motiv frå altertavla i Leikanger kyrkje.  
Foto: Hallgeir Øgaard Westli

#### Små bilete:

Ole Agnar Helland ved gudsteneste i Kvamsøy kyrkje. Foto: Jostein Risa

Illustrasjonsfoto. Kjelde: Pixabay

### Stoff og bilete til Kyrkjelydsbladet

Har du tatt bilete eller skrive noko som du ynskjer at vi skal ta inn i bladet? Send det gjerne på e-post til [post@sogndal.kyrkja.no](mailto:post@sogndal.kyrkja.no) innan 7. mai.

# sorg og sorggruppe tilbod

Det hører til livets gang at vi mister nokon vi er glad i, og for dei som mister nokon er det alltid vondt. I nokre høve skjer dødsfallet uventa, brått og tragisk. Det kan uansett vere vanskeleg å ta inn over seg det som hendte. Omstenda og tida før eit dødsfall spelar òg inn, og kan gjere kvarдagen utfordrande, sjølv i dei tilfelle der ein var noko førebudd.

Det er mykje hjelp i å møte andre som går gjennom sorgprosess. I ei sorggruppe vert ein møtt med forståing og støtte frå andre. Det er dette Arnstein fortel om når han skriv om korleis det var for han å delta i ei sorggruppe etter at han mista kona si. Langt på veg kan ein kjenne på dei same kjenslene og ha mange av dei same tankane, og denne form for anerkjenning i sorggruppa er med å gi styrke og mot på vegen vidare. Det ligg mykje trøyst og håp i omsorga og forståinga frå andre.

Kyrkja legg no til rette for ei ny sorggruppe i Sogndal på Stedjetunet. Første samlinga var onsdag 10. mars.

Sorggruppa tek føre seg ulike tema som vi har erfaring med kan vere nyttig å snakka om, men gruppemøta er prega av lave skuldre, stor takhøgde, latter og alvor om kvarandre. Gjennom dei 10-12 samlingane vil sorggruppa òg møte andre fagpersonar.

Ingen deler meir med kvarandre enn ein sjølv ynskjer. Gruppeleiar og gruppemedlemmane har teieplikt ovanfor kvarandre. For mange kan det vere godt å snakke med nokon utanfor sin eigen familie og nære vener, slik som Arnstein skriv det:

«Knapt eitt år etter at kona mi Norunn døydde våren 2018, fekk eg tilbod frå kyrkjekontoret om å delta i ei sorggruppe. I utgangspunktet følte eg ikkje noko spesielt behov, dette meistra eg bra på eiga hand, meinte eg. Men etter oppfølgjande telefon frå soknediakon Gitte Therkelsen Torstad stilte eg likevel opp på første møtet, ville no sjå kva det var og om dette var noko for meg. Der møtte det seks damer og eg som einaste mann. Møtet gjekk heilt fint, og resulterte i at eg vart med på alle dei 10 møta me hadde.

*Det var faktisk godt og nyttig i den situasjonen eg var i, å få faglege råd og rettleiing samt å høre på dei andre deltakarane, der me delte sorg, sakn og erfaringar med kvarandre. Me hadde alle opplevd ulike situasjonar der nokon av våre kjære ikkje var med oss lenger, nokre hadde døydd brått og brutalt, andre etter ein periode med sjukdom. Men me hadde alle noko felles som det var kjekt å gje uttrykk for og dele med kvarandre.*

Soknediakon Gitte leia møta på ein fortrefleleg måte. Ho skapte ein god og trygg atmosfære, delte sin gode kunnskap om sorg og sorgprosessar. Gitte var flink til å utfordre oss til å fortelje og gje uttrykk for følelsane våre, og leia oss på ein fortrefleleg måte. Hennar fagkunnskap og leiarskap var avgjerande for at eg følte meg heime og hadde gode opplevelingar i gruppa. Også all ros til dei andre i gruppa for ei god tid saman. Det me hadde føre oss i gruppa var fortruleg, det kom ingen andre stader enn i møterommet.

*Eg er trygg på å ha heile gruppa med meg når eg uttrykkjer takksemid overfor kyrkjekontoret for dette opplegget og spesielt takk til Gitte! Eg vil gje mine beste*

*anbefalingar til andre som får moglegheita, som har mista nokon nær og kjær, å nyte seg av dette tilbodet. Det var kjekt å ha damene for meg sjølv, men eg vil spesielt oppfordra manfolk til å delta i slike sorggrupper».*

Arnstein Hauståker

Vi vonar at det du har lese her, kan oppmuntre deg til å vere open om sorga og kanskje hjelpe deg til å oppsøke nokon å samtale med når livet er vanskeleg. Kyrkja sitt diakonale arbeid har fokus på omsorg for menneske i ulike livsfasar og situasjonar. Samtalane i sorggruppa tek ikkje utgangspunkt i livssyn og tru, med mindre det dukkar opp spørsmål om dette.

Sorggruppa vert leia av soknediakon Gitte Th.Torstad. Ta kontakt med Gitte (tlf. 974 16 519) viss du vil vite meir om sorggruppe tilboden!

**Gitte Therkelsen Torstad**

Diakon



# Nytt frå fellesrådet

## Korona-pandemien

Nytt år – men dei same moglegheitene?? Korona-pandemien set framleis sitt preg på samfunnet vårt, og me må framleis leve med ulike restriksjonar. Dette påverkar framleis om, korleis og kor mange me kan samlast – t.d. også til gudstenester og samlingar i kyrkjene våre. Restriksjonane endrar seg også over tid, og nokre endringar kjem med relativt kort frist. Dette set difor sitt preg på aktiviteten me kan ha i kyrkja, og påverkar sterkt kvardagen vår.

Biskopane gjekk i januar ut med at ein lokalt måtte vurdere om ein skulle gjennomføre konfirmasjonsgudstenestene som planlagt til våren, eller om dei måtte utsetjast til hausten – slik ein måtte i 2020. Målsetjinga for oss i Sogndal er at ein i utgangspunktet skal gjennomføre dei som planlagt, men sokneråd, konfirmantar og konfirmantforeldre er med i drøftinga på kva som vil vere best i dei ulike sokna. Restriksjonane førte også til at alle konfirmantleirane på nyåret måtte avlyssast. Det vert difor også eit litt annleis konfirmantår for dette kullet – slik det vart for det førre kullet.

Barne- og ungdomsarbeidet, diakoniarbeidet og alt utøvande arbeid får me i dag ikkje utføre slik me pleier. Dei tilsette har vore nøydd å framleis jobbe kreativt, og det vil eg påstå at dei har greidd. Til dømes har ein fått laga ulike digitale tilbod med opptak av gudstenester, direkte streaming av gudstenester og daglege små filmar med ord

for dagen. Mykje ulikt på nettet er også under planlegging, men noko går også som utegudstenester eller vandringar. Kyrkja ynskjer framleis å ha eit tilbod og vere til stades for alle!

## Prosjekt:

### Brannsikring av Leikanger kyrkje:

Her vil arbeidet ta til med det første. Anbodsrunde er gjennomført, og det var oppstartssynfaring på kyrkja 3. februar. Nokre dispensasjonar frå vernerestriksjonar må me få på plass, men me har god von om at det skal gå i orden. Arbeidet med brannsikring av ei viktig og vakker kyrkje skal stå ferdig til sommaren.

## Utviding av Stedje kyrkjegard:

Her er ein også godt i gang med arbeidet, og det skal stå ferdig til sommaren. Den nye delen av gravplassen kjem vidare i retning mot dalen; om lag vidare rett fram sett frå kapellet. Sjå illustrasjon nedst på neste side. Den delen som blir utvida er farga grøn på biletet. Her vil ein få mange nye graver, og også eigne felt for urner. Målsetjinga er også at dette skal stå ferdig til sommaren.

## Flaumljos på Tjugum kyrkje:

Dette er kome på plass og vart veldig flott! Mykje arbeid er her lagt ned på dugnad, men også noko betalt hjelp måtte til. Dei nye flaumljosa er LED-lys og gir slik ikkje særleg varme, noko som er bra for branngryggleiken.



Arbeidet med brannsikring av Leikanger kyrkje er no i gang, og er venta ferdig til sommaren. Bilde frå julekonser滕 2019.

Foto: Hallgeir Øgaard Westli

Tidlegare har ein også fått på plass lys langs parkeringsplass og gangveg til kyrkja, og også her må me takke for særskilt godt dugnadsarbeid!

#### Gravplassbygg og kyrkjestove på Kaupanger:

Dette har diverre vorte ein gjengangar i denne spalta i kyrkjelydsbladet, og heller ikkje no kan eg gi dykk nokon dato for når dette arbeidet vil ta til. Det er framleis slik at Riksantikvaren krev ny synfaring på staden, og sidan dei samstundes har fått

reiseforbod i samband med koronapandemien, er det uvisst kor tid ei slik synfaring kan finne stad. Men me arbeider aktivt for at prosjektet kan ta til så snart som råd!

Påsken nærmar seg også fort når bladet går i trykken. Kanskje blir heller ikkje denne påsken slik me såg føre oss. Påsken er jo den største høgtida i kyrkja, og me håpar veldig på at mange av restriksjonane vil vere lempa på når me kjem dit. Uansett vil me gjere så godt me kan for å

gjennomføre alle gudstenester og aktivitetar som er planlagde då – innanfor dei smittevernreglane som måtte gjelde.

Vil ynskje dykk alle ein retteleg god vår!

*Venleg helsing  
Sogndal kyrkjelege fellesråd*

**Jorunn Merete Haukås-Eide**  
Kyrkjeverje i Sogndal



Utvindinga av Stedje kyrkjegard er godt i gang, og er venta ferdig til sommaren.  
Illustrasjon: Landskapsarkitekt Gyril Fimreite



## *Ein musikalsk reisande*

**Ein mørk og kald desemberkveld stig  
Miguel Espinoza fyrste gong ut av bussen i den  
vesle bygda Balestrand. Den unge, smilande  
mexicanaren tek i mot vekslande vêrtilhøve,  
busstilbod, smitteverntiltak og musikalske  
utfordringar med stor sinnsro. Trass avgrensa  
mottaking med fysisk avstand og munnbind, skryt  
han av velkomsten.**

- Eg opplevde at eg fekk ein varm velkomst frå alle, både øvste arbeidsgjever, husvert og kyrkjegjengjarar. Det var veldig gjevande og interessant å møte kyrkjelyden, spesielt Ole Agnar, som tolmodig forklarte meg alt eg treng vite om orgelet, liturgien og tradisjonane. Det var også veldig kjekt å bli kjent med Songlaget og dirigent Laila. Sidan koret er ein viktig del av musikklivet i bygda, hadde det vore flott om vi kunne få til eit samarbeid vidare, seier han.

Miguel er ein allsidig og dyktig musikar som starta si musikalske reise med klassisk piano i Mexico. Seinare utvikla han interessa for såkalla «tidlegmusikk» med fokus på 16- og 1700-talet. På spørsmål om sine favorittkomponistar, nemner han Bach som den største, men trekk også fram den mindre kjende Frescobaldi. Hovudinstrumentet til Miguel er cembalo, ein tidleg slekning av pianoet og orgelet. Som «tidlegmusikar» legg han vekt på å spele musikken på reproduksjonar av originale instrument. På den måten kjem ein nærmare den opphavelige opplevinga og lyden av komposisjonen og kan få ei djupare forståing for det originale stykket.

Den musikalske ferda som starta i Mexico, gjekk vidare til musikkseminar i Canada. Ein hollandsk seminarlærar inspirerte han til å studere vidare

i Nederland. Her studerte han i 6 år og møtte kjærasten, Marit Lund Bjørnsen, fra Kongsberg. Slik enda han i Noreg. Dei siste to åra har han og Marit budd i Sogn i Oslo og frå 01.12.20 er han tilsett i 30% stilling som organist i Balestrand.

Den menneskelege varmen er noko han nemner som grunnen til at han er hamna i kyrkja. Miguel kjem frå ein katolsk bakgrunn, men utan eit personleg tilhøve til kyrkja.

- Eg har fått eit nærrare forhold til kyrkja etter at eg kom til Noreg. Mitt første møte var i 2015. Eg budde då i Nederland, men på ein Noregsturne spelte vi i ei kyrkje i Kongsberg. Der fekk eg god kontakt med organisten. Då vi flytta til Noreg i 2018, spurde han meg om å ha ein konsert og seinare eit vikariat i Kongsberg kyrkje. Eg trivst godt i Den norske kyrkja. Det er ikkje berre ein organisasjon som produserer gudstenester, men eg opplever kyrkjelyden som ein familie, ein varm og inkluderande fellesskap der folk er oppriktig interesserte i korleis andre har det, fortel han.

#### Korleis er tilhøvet til kyrkjemusikk?

- 80% av tidlegmusikken er kyrkjemusikk, opphaveleg komponert for gudstenester, så det er nok å ta av, men når det gjeld meir moderne salmar og songar, må eg oppdatere meg litt, smiler han.

- Utfordringa er å finne eit passande repertoar med god balanse mellom musikk forsamlinga kjenner og er trygg på og samstundes introdusere ny musikk. Eg ynskjer å flette inn meir barokk musikk fordi eg trur det er viktig å utvide den musikalske erfaringa til den einskilde. Mykje av barokkmusikken dannar grunnlag for det vi har av musikk i dag. Det er ein del av våre røter, seier han.

Kyrkjelyden fekk ein liten smokebit på røtene då juledagssalmane vart akkompagnerte av sackbut, ein barokk-trombone, spelt av kjærasten Marit. Det svinga dessutan skikkeleg då dei avslutta gudstenesta med den mexicanske julesongen Convidando Esta la Noche.

Miguel har spelt konsertar med både Det Norske Blåseensemble og Arktisk filharmoni i Tromsø. Nyleg har han fått plass på Orkester Nord sitt Talentprogram i Trondheim, som vil ha seks prosjekt i år.

- Førerels er desse nettbaserte på grunn av korona, men eg gleder meg til vi skal møtast fysisk i Trondheim, seier han.

#### Kva ynskje har han så for framtida?

- Eg ynskjer å kome nærrare kyrkjelyden i Sogn, både geografisk og sosialt. Eg likar verkeleg naturen, arbeidsmiljøet og folka. Kanskje eg kunne finne meir arbeid her. Eg likar godt å undervise, til dømes piano, orgel og musikkteori. Eg kunne gjerne dirigert eit kor eller lite orkester. Som utøvande kunstnar er den aller største draumen å spele konsertar, anten åleine eller saman med andre. Tenk å få med cembaloen til Balestrand og halde konsert her!

*Magni Åm Risa*

Tekst

*Miguel Espinoza*

Foto

## Offer til din kyrkjelyd på Vipps

Koronapandemien har gitt oss alle mange utfordringar, og har fått mange konsekvensar.

For oss i kyrkja er ein av konsekvensane at det har blitt utfordrande å ta opp kollekt til inntekt for arbeidet som foregår i kvar einskild kyrkjelyd. Dette arbeidet er særskilt tilknytt trusopplæring, konfirmantar og diakoni.

Vi ynskjer difor å oppmøde om at ein, når som helst, kan gje ei gåve til sin lokale kyrkjelyd via Vipps for å støtte det arbeidet som skjer lokalt hjå deg.

Merk gjerne ditt bidrag med «Gåve til kyrkjelydsarbeidet».

**Vipps**

Stedje	512003	Norum	560399
Kaupanger	106852	Fjærland	551328
Leikanger	136868	Balestrand	623360



**DEN NORSKE KYRKJA**

Sogndal kyrkjelydsfellesråd

# Frå postludium til pensjon

Ole Agnar Helland gjekk 1. desember 2020 av med pensjon og avslutta då 3,5 års teneste som organist i Balestrand sokn.

Ole Agnar vart tilsett våren 2017 og har hatt ei 30 prosent stilling. Han har presteutdanning i botnen, men har hatt fleire «mellomspel» som organist gjennom livet. Ole Agnar siterer her noko Martin Luther skal ha sagt: «Det største i livet er teologien, men på andre plass kjem musikken.»

Ved ei tidlegare veksling mellom organist og prest vart han tildelt tittelen «Reisande

i koralar og trusartiklar» og dette har prega også livet i Sogn sidan biskop Hagesæther rekrutterte han til presteteneste i Vik i 2007. Han vikarierte etter dette i Feios, Fresvik og Balestrand og var prostiprest i Sogndal før han i 2009 tok i mot soknepreststillinga i Hyllestad. I 2015 gjekk flyttelasset attende til Vik der han avrunda med to år som seniorprest. Etter 10 år med prestesnipp i Sogn, var tanken eigentleg å gå av med pensjon, men han fall for freistinga då det opna seg eit høve til å få dyrke «hobbyen sin». Med eit velkjent glimt i auget kallar han organistenesta i Balestrand eit postludium for yrkeslivet sitt.

I sin første periode i Vik fann han også kjærleiken, og etter å ha levd ein mannsalder som ungkar, gifta han seg som 57-åring med Signe Marie i 2009. Sjølv om det vert turar sørover til Rennesøy der han er oppvachsen, er det i Vik dei har slege seg til ro.

Med Sognefjorden mellom bustad og arbeidsstad har det vorte ein del ferjeturar, og Ole Agnar har rekna seg fram til rundt 900 fjordkryssingar med ferja i løpet av tilsetjingstida. Fjordcruiset kunne nyta til og frå gudstenester, andaktar, gravferder, vigsler, trusopplæringstiltak, skulebesøk i kyrkja og øvingar.



Ole Agnar ved orgelet i Tjugum kyrkje



Ole Agnar vart takka av ved gudsteneste i Tjugum kyrkje 13. desember 2020

I Balestrand er det både trøorgel (Kvamsøy), elektronisk orgel (Sæle), flygel og pipeorgel (Tjugum). Sjølv om spelepulten i Tjugum eigentleg er for trong for ein langbeint ryfylking, trivst han best med dette over 100 år gamle orgelet. Han nemner også den særmerkte kjensla av å spele i steinkyrkja på Kvamsøy der ein veit at fjordfolket har fylt rommet med salmesong i over 700 år. Friluftsgudstenester ved Vetlefjorden med speling på el-piano tilkopla bilbatteri, omkransa av både snøkledde fjell og blide balestrendingar er også gode minne. I Tjugum er organisten meir isolert: Her er orgelet plassert heilt bak på galleriet, og det einaste han kan sjå herifrå er altaret og den flotte altertavla som viser oppstoda og Jesu siger over døden. Når Ole

Agnar tenker på kyrkjelyden og tida i Balestrand, er det gjerne dette biletet som først kjem fram i minnet.

Men det har ikkje berre vore musikk desse åra i Balestrand: Ole Agnar understrekar at han også har hatt stor glede av å få praktisere den «pastorale» biten av seg. Ein lengre periode hadde han ansvar for alle andaktar og nattverdsamlingar på Balestrand helsetun, som vikar for soknepresten. Han sette pris på kontakten med bebruarane der og fekk spele på fleire strenger med både andakt, samtalar og speling til salmane.

I gudstenesta 13. desember 2020 vart Ole Agnar Helland takka for tenesta og kyrkjeverje Jorunn Merete Haukås-Eide

overrekte flotte glasenglar som gavé frå arbeidsgjevar Sogndal kyrkjelege fellesråd. Ole Agnar hadde også ei helsing og takka kyrkjelyden for fine år og nemnde forsongarar, flott kyrkjelydssong og velvillige song- og musikk-krefter ved gudstenester og julekonsertar. Han takka også for samarbeidet med dei andre tilsette i Balestrand. Til liks med døyparen Johannes i dagens preiketekst ville Ole Agnar no tre tilbake og gje plassen til han som kom etter han og ynskte alt godt til nytilsett organist Miguel Espinoza.

*Jostein Risa  
Tekst og foto*

# Dugnadsarbeid og vedlikehald på kyrkjer og kyrkjegardar

Kommunale løvyingar til kyrkjer og kyrkjegardar har dei siste åra vore knappe og ikkje tilstrekkeleg til større vedlikehald. Større investeringar som t.d. utviding av kyrkjegardar (no på Stedje), sløkkeanlegg i Leikanger kyrkje, ombygging av kyrkjegardsbygg og kyrkestove på Kaupanger har fått prioritet. Elles er løvyingane berre auka med pris- og lønsauke til vanleg drift, men for 2021 har me fått kr 200.000 som strakstiltak for å starte vedlikehaldsarbeid på Stedje kyrkje.

Stedje kyrkje representerer største utfordring med omsyn til presserande vedlikehald. Ein fagrapport viser til lekkasjar i taksluser, vindauge som må sikrast og rotskader på kledning og sokkel. I tillegg til straksløyvinga frå kommunen

går det mot eit mindreforbruk på drifta i 2020 som kan gi noko meir midlar til å komme i gang med mest naudsynt arbeid. Vidare løvyingar er avgjerande for å ivareta denne flotte kyrkja.

For å støtte opp om vedlikehaldet, har dei ulike sokneråda tradisjon for å organisere dugnad og ta hand om mykje vedlikehald og enklare tiltak som kan gjerast for å hindre skader og forfall. Vi vil ha mest mogeleg att for løvde vedlikehaldskroner. Underteikna kjenner naturleg nok best situasjonen i Balestrand sokn. Der er òg heilt sikkert arbeid i dei andre sokna som fortener merksemd.

Dugnadsarbeidet i Balestrand deler seg på enklare arbeid som lauvrydding, beskjæring

av busker og trær, grusing av gangvegar, mindre malingsarbeid med meir. Mange trufaste har stilt opp kvart år til vårdugnad og i 2019 utfordra ein konfirmantforeldra til å delta ein ettermiddag og fekk gjort eit kvantesprang av beskjæringsarbeid, spyling og reingjering. Grunna koronasituasjonen var det ikkje tilrådeleg å gjenta tiltaket i 2020, men vi håpar på betre tider i så måte.

Utover privatpersonar som har stilt med hakke, spade og malingskost, har vi 'handplukka' grupper for noko meir krevjande dugnadsarbeid: Eit døme her er manglande lys langs gangvegen inn til kyrkja på Tjugum. Våren 2020 vart det sendt søknad til Sture Husabø Legat om midlar til lys her og nytt lys på parkeringsplassen. Vi fekk tildelt kr 36.000 som var nok til formålet. Arbeidet med graving, utlegging av kablar, fundament og klargjering for elektrikar vart gjort på dugnad. I tillegg er det montert nye flomlys. Kostnadane her vart dekka av restmidlar på disposisjonsfond som stod att før samanslåing med Sogndal, og Lidal vedlikehaldsservice har stilt med gratis monteringsarbeid og klargjering til elektrikar.

Oppgangen til rullestolrampen ved sideinngangen til kyrkja låg tett inn til kledninga, som difor vart utsett for vatn og råtangrep. Ein handfast dugnadsgjeng på 7 mann løyste problemet på ein kveld. Jord vart fjerna og erstatta med drenerande masse og mykje godt arbeid vart gjort raskt og greitt.



Sogndal kyrkjelege fellesråd har fått løvd kr. 200.000,- som strakstiltak for å starte vedlikehaldsarbeid på Stedje kyrkje. Foto: Hallgeir Øgaard Westli

Avgjerande viktig for dei ulike arbeidsoppgåvene, er samarbeidet med Lidal utleigeservice som i tillegg til graving, har kontrakt på vedlikehald og slått på Sæle og Tjugum. Forutan godt gjennomført vedlikehald og tilsyn, har Lidal delteke aktivt i dugnad både med arbeidskraft og ikkje minst gratis innsats med maskiner og utstyr når dette har vore påkravd – til dømes gravemaskin til grøfter og gangvegar og container til rådvelde ved vårdugnaden.

På Kvamsøy og Sæle er det berre gjort mindre dugnadsarbeid siste året, men gode naboar har vore med å sikre einskilde og viktige vedlikehaldstiltak. Sygna vidaregåande skule har stilt med gratis stillas til restaureringsarbeid av altertavla. Vidare må nemnast at Bjarne Hjarthjolm som gjekk bort i haust, har utført mykje gratis tilsyn og i alle år har stilt båten sin fritt til rådvelde for besøk og tilsyn til kyrkja. Som takk for dette har vi no inngått samarbeid med familien om tilsyn og vedlikehald av båten på dugnad.

Vi vil halde fram med dugnadsinnsats på kyrkjene og kyrkjegardane. Desse representerer ein viktig del av vår kulturarv og er eit andlet ut til bygda og til forbifarande. Vi vil bidra å halde desse i hevd og minner kommunen om sitt ansvar i høve til naudsynte løyvingar.

*Mvh Helge Ulvestad  
Medlem av Balestrand sokneråd  
og nestleiar i Sogndal kyrkjelege fellesråd.*

*Sygna vidaregåande skule stilte med gratis stillas då altertavla i Kvamsøy kyrkje vart restaurert. Foto: Jostein Risa*

#### Stor takk for innsats til:

- **Dei som i mange år har stilt til dugnad og vore med å halde kyrkjegardane velstelt.**
- **Konfirmantforeldra i 2019** som gjorde det mogeleg å komme på offensiven i høve til dei mange snøgt veksande rhododendron-hekkane på Tjugum.
- Styret for **Sture Husabø Legat** som løyvde midlar til lys.
- **Dei handplukka arbeidsgruppene** som har bidrige med særleg verdifullt arbeid.
- **Lidal utleigeservice og Kurt Ove Lidal** for arbeidsinnsats, lån av gravemaskin til grøftarbeid og gangvegar.
- **Jan Inge Høydal** som fleire gonger har sponsa med "singel og sand" når vi har trengt det.
- **Gode naboar** som har stilt med traktor og letta mange arbeidsoppgåver.
- **Sygna vidaregåande skule** for lån av stillas til rehabiliteringsarbeid på Kvamsøy.
- **Familien Hjartholm** for lån av båt til Kvamsøy og stell av kyrkjegarden.



# Konfirmasjonar våren 2021

På desse sidene vil du finne liste over dei konfirmasjonane som er planlagde for våren 2021. Det kan bli endringar i desse gudstenestene dersom koronasituasjonen tilseier det. Endringar vil i så tilfelle bli publiserte på våre nettsider [www.sogndal.kyrkja.no](http://www.sogndal.kyrkja.no) og på våre Facebook-sider, Kyrkja i Sogndal.

Konfirmasjonane i Balestrand er flytta til hausten 2021, og liste over desse kjem i sommarnummeret av kyrkjelydsbladet.

## Ølmheim kyrkje

### Sundag 2. mai kl. 11.00

Sivert Alpen  
Vanessa Lorentzen Brenden  
Sara Christensen  
Alexander Kure  
Tuva Barnses Lærum  
Johan Emanuel Nornes  
Celina Slinde  
Adrian Vikør Slinde Ahlin  
Thea Øvereng Ylvisåker

## Stedje kyrkje

### Sundag 2. mai kl. 10.00

Alexander Granhold Orrestad  
Jenny Feidje Rørvik  
Knut Liheim  
Kristian Kongelf  
Mia Stende Selseng  
Ole Sætrehaug Stedje  
Selma Feidje Rørvik

### Sundag 2. mai kl. 12.00

Adam Selseng Johansen  
Adrian Høgi  
Frank Rafael Morris Kjørlaug

Ingvar Hollekve Hagen  
Kaja Bjelde Hjelmhaug  
Ola Lerheim Olsen  
Vilde Aspeseter Bäckström

### Laurdag 8. mai kl. 10.00

Andreas Flatane  
Johan Lefstad Drægni  
Eirik Leikanger Gjedralen  
Elling Ingeson Kvåle  
Espen Vikdal Krogh  
Linnea Skartun  
Mathias Øren  
Sivert Skålid  
Viljar Stavø

### Laudrag 8. mai kl 12.00

Carmen Navarsete Oxholm  
Ingve Josvanger Borlaug  
Isak Bøthun  
Brage Servold Wåseth  
Kent Harberg  
Marthe Aardal Venes  
Noah Hofslundsengen  
Sander Sjøthun Heggestad  
Trym Thomasson Hoff-Dalsøren

### Sundag 9. mai kl. 10.00

Anja Ytrøy Wiborg  
Eskil Holum Gjørven  
Feven Tsegay Alem  
Håkon Barsnes  
Kristi Anne Skeide  
Malin Ytrøy Wiborg  
Per Fimreite  
Silje Ytrøy Wiborg

### Andre:

Ada Bertine Gunvordal  
– vert konfirmert frå  
Fjærland kyrkje sundag 23. mai  
Jaran Elvagjeng  
– vert konfirmert frå  
Fjærland kyrkje sundag 23. mai  
Daniel Gjerde Sætern  
– vert konfirmert i Svelgen

## Kaupanger

### Konfirmasjon frå Stedje kyrkje Helgetorsdag 13. mai kl. 10.00

Marte Senneset Aaberge  
Kasper Bolset  
Kriss Havila Bonabandi  
Benjamin Aasen Engebø  
Ine Langen Dale  
Martine Lerum Hjellhaug  
Bertine Bruland Selseng

### Helgetorsdag 13. mai kl. 12.00

Peder Flåten  
Eline Grønsberg  
Julie Settevik Midtgård  
Ida Øyre Osuch  
Trym Sva Ramstad  
Preben Farnes Solbakken  
Aneglica Nygård Ålsberg

## Fjærland kyrkje

### Pinsedag 23. mai kl. 11.00

Marius Reed Mundal  
Karoline Skeide  
Nora Supphellen Solsvik  
Kristi Anne Skeide – vert konfirmert  
frå Stedje kyrkje 9. mai



Kjelde: Wikimedia

# Konfirmantar i Balestrand 2020



Bak frå venstre: Sokneprest Kjetil Netland, Tore Aaland Linde, Olav Åm Risa, Freddy Eithun Af Geijerstam, Sølve Solvorn Sæle, Sigurd Løtveit

Framme frå venstre: Miriam Heier, Ariana Fjærrestad, Ylva Marita Feidje-Baug, Anna Paulina Grinde, Hanna Stokkebø, Lene Sæhl Målsnes, Emily Haugen Fimreite

Biletet er teke i Sæle kyrkje 25.10.2020, etter konfirmasjonsgudstenesta for fire av dei unge. Resten hadde hatt konfirmasjon i Tjugum kyrkje helga før, fordelt på laurdag 17.10 og sundag 18.10.

Foto: Jostein Risa

# Glimt frå det frivillige arbeidet

Gunnar Stundal er ein av dei mange som er frivillig i kyrkja. Han vart oppmoda om å svare på nokre spørsmål om frivilligheit. Vi trur det kan vere motiverande å lesa om korleis det er å ha ei oppgåve i kyrkjelyden, og Gunnar peikar på noko viktig; mellom anna at det vart opna nye dørar for han personleg.

*Kva gjere du spesielt som frivillig i kyrkjelyden?*

Eg har heilt frå «barneåra» vore oppteken av kyrkja og arbeidet i kyrkjelyden. Her har eg følt meg heime og alltid vorte inkludert. Difor var det både spennande og utfordrande for meg då eg vart spurd om å vera tekstlesar i kyrkja vår. Saman med prest, kyrkjetenar, kyrkjevert og organist er me vorte eit team som saman skal formidla Guds ord og sakrament.

*Kva førte til at du starta som frivillig i kyrkjelyden?*

Kyrkja hadde teke initiativ til å endre på innhald og gjennomføring av gudstenesta. Frivillige skulle få ein plass i gudstenesta, og då spørsmålet kom til meg, frå ein av prestane våre, trur eg at eg var rask med å svara ja til dette oppdraget. Gjennom mitt frivillige arbeid som tekstlesar fekk eg ei oppgåve som opna nye dørar for meg personleg som ein aktiv kyrkjegjengjar.

*Kva gir det deg å vere frivillig?*

Som frivillig/tekstlesar måtte eg bruke tid på å forstå innhald og samanheng i tekstane eg skulle lese. Dette førde ofte med seg gode samtalar med presten før gudstenesta. Eg fekk og ta del i ansvar med tanke på innhald



i gudstenesta, og kunne difor hjelpe til med å inkludere og legge til rette for andre som skulle ta del i gudstenesta.

*Korleis opplever du det å vere frivillig, både positive og negative ting?*

Fram til no har eg berre opplevd denne tenesta som positiv. Soknerådet har vore flinke til å fordele denne tenesta som frivillig på fleire i kyrkjelyden, og då er det mykje lettare å seie at det ikkje alltid passar. På denne måten vert eg ikkje så bunden som ein fast tilsett vil vera. Det er viktig at «dørstokken» inn til teneste i kyrkja vert så låg som mogeleg, og at me alle er like velkomne.

*Har du idear til korleis kyrkja kan rekruttere fleire til teneste i kyrkja?*

Eg tykkjer at kyrkja må bli meir på «tilbodssida» og presentera verdien av å vera frivillig. Eg trur at det finst fleire der uti i kyrkjelyden som ville svart ja dersom dei fekk eit direkte spørsmål. Til dømes kunne prestane synleggjere kva frivillig arbeid som finst når kyrkja inviterer til samkomer for ulike aldersgrupper. Til dømes for konfirmantane m/foreldre, 50-års konfirmantane eller pensjonist-treff av ymse slag.

*Gunnar Stundal/  
Gitte Therkelsen Torstad*

Tekst

# Trusopplæring på nye måtar

I haust vart babysongsesongen brått avbroten, då det kom nye smittevernreglar. Alle dei 10 – 15 deltagarane som brukte å koma på babysong i Stedje kyrkje og på Kaupanger bedehus, gledde seg til avslutningssamling på bedehuset 11.november. Dei trufaste damene, Kjellaug Ruud og Anne Bjørg Holen, hadde nemleg lova nysteikte vafler til alle som kom. Vaflane håpar eg me kan ha til gode når me kjem i gong igjen med fysiske samlingar.

I mellomtida, har eg prøvd meg med direktesende songstunder i Facebook-gruppa vår, «Babysang i Sogndal». Det fungerer slik at eg sit heime i stova mi framfor iPaden, og dei som vil kan sjå sendinga og syngje med der dei er. Slik håpar eg det vert mange fine songstunder med skjønne sognes-babyar og foreldre rundt om i heimane. Alle som har baby



Birte syng på streama babysong.  
Foto: Birte Husum

er hjarteleg velkomne til å vere med i gruppa. Inviter gjerne bestemor, bestefar, tante, onkel, fadder eller andre til å vere med på songstunda. Om smittevernreglane tillet det, kan de invitere andre med baby på besøk til kvarandre, og ta ein trilletur etterpå.

Framleis ser det ut som det vil vere store begrensningar med kor mange me kan samlast når me startar opp att. Inntil vidare vil eg då prøve å få til digitale songstunder også. Medhjelpargruppene i Stedje og Kaupanger er superklare til å ta imot nye babyar og foreldrene deira, så me ventar berre på klarsignal frå FHI. I mellomtida drøymer eg om babybabbel og lukta av nysteikte vaflar.



Elsa og bestao sit i stova på Skogen og syng.  
Foto: Anja Bergheim Øygard, Kaupanger

**Birte Husum**  
Trusopplærar

# Trusopplæring i Balestrand sokn

## Babysong (0-2 år):

Ta kontakt med kyrkjelyds-pedagogen (466 97 476) om du er interessert i å vere med på Babysong på Helsestasjonen.

## Nestenåring (5.-8. kl.)

Fredagsklubb på Bedehuset Betel kl 18.00-20.00 ein gong i månaden.  
Dataar våren 2021:  
19.03, 23.04 og 28.05



Torsdag 27. mai arrangerer vi Ung Messe kl. 20 i Engelskkyrkja. Dette er ei gudsteneste forma av og særleg retta mot ungdommar (14-19 år).

## Samtalegruppe for ungdom

Har du spørsmål om livet, døden, Gud, kvardagen eller kanskje noko heilt anna? Hausten 2020 starta vi opp ei samtalegruppe for elevar på ungdomsskulen. Alle nysgjerrige ungdommar er velkomne heim til Magni Åm Risa (kyrkjelydspedagog) i Fjærstad 42 til mat og prat kl. 19-21 desse tysdagane: 23.03, 20.04, 18.05. og 01.06.



## SommerTreff Sygna (13-16 år)

Alle som går på ungdomsskulen eller skal opp i 1. kl. vgs er velkomne på Sommartreff på Sygna vgs i Balestrand måndag 21. juni til fredag 25. juni. Dette er ein leir med god undervising og mange artige aktivitetar. Påmeldinga startar 1. april. Har du spørsmål? Ta kontakt med Henning på hsagevik@sygna.vgs.no

## Minikonfirmantleir på Alværa 9.-11. april

Minikonfirmantane i Balestrand har tradisjon for å reise på leir i lag med andre minikonfirmantar frå Ytre Sogn. Dette er ei kjekk helg med mange ulike aktivitetar, som vi håpar å få til også i år. Har du spørsmål om gjennomføringa (påmelding, reise, smittevern), ta kontakt med Magni (466 97 476).



## TOL-tiltak vår 2021

Fjærland, Kaupanger, Leikanger, Norum og Stedje sokn  
Me håpar å ha så normale tilhøve som mogleg. Endringar kan kome.

TOL-tiltak	Alderstrinn	Dato/kl.	Sokn
Tårnagentdag i Ølmheim kyrkje (flytta frå januar)	9 år (fødde 2012)*	08.05.	Alle fem sokna inviterast
Tårnagentdag i Ølmheim kyrkje	8 år (fødde 2013)	23.10.	Alle fem sokna inviterast
Bibel-bok-utdeling: «Ei vandring gjennom den store forteljinga»	11 år	Då desse vart utsette frå februar, vert det sett opp nye dataar. Følg med på nettsida vår	Norum Leikanger Kaupanger Fjærland (Stedje har hatt utdeling)
Babysong - fysisk med restriksjonar og eventuelt direktesende samlingar på Facebook.	0-1 år	Følg med på Facebook og nettsida vår	Leikanger, Stedje og Kaupanger. Fjærland- og Norumbabyar er velkomne der dei måtte ynskje å møte opp.
Påskefest for alle med utdeling av seksårsbok. Konfirmantane er med.	6 år	11.04. kl. 11.00 11.04. kl. 11.00 11.04. kl. 17.00 18.04. kl. 11.00	Stedje Norum Leikanger Kaupanger
Blomster-gudsteneste med utdeling av seksårsbok og arbeidshefte.	6 år	20.06. kl. 11.00	Fjærland
Skulestart-gudstenester med utdeling av arbeidshefter.	6 år	15.06. kl. 11.00 kl. 11.00 kl. 17.00	Stedje Norum Leikanger
Hausttakkefestar med utdeling av fireårsbok	4 år	26.09. kl. 11.00 kl. 11.00 03.10. kl. 11.00 kl. 11.00 kl. 17.00	Kaupanger Fjærland Stedje Norum Leikanger
Lys Vaken i Leikanger kyrkje	11 år	20. – 21.11.	Alle fem sokna

\*MERK: Det vil verte ein tårnagentdag for dei som fyller 8 år i 2021 i oktober. Den som skal vere for 2012-kullet er utsett to gonger pga korona-restriksjonar.

Trusopplæringa på Facebook: «Trusopplæring – kyrkja i Sogndal»



Babysong har også ei Facebook-gruppe som heter «Babysang i Sogndal».

Det er der me har direktesendt babysong.

# BARNAS SIDE

## Finn vegen til Jesus!

Hjelp Maria, Peter og Johannes å finne vegen til engelen i den tomme grava, og vidare til Jesus! (Teikning: Kari Sortland)



## Finn fem feil

Maria Magdalena sprang og fortalte lærersveinane at Jesus var stått opp frå dei døde. Dei to biletene er nesten like. Finn du dei fem feila på biletet til høgre?  
(Teikning: Kari Sortland)



Gje barnebladet  
**BARNAS** til eit  
barn du er  
glad i!

Dese oppgåvene er  
henta frå bladet.

Bestill abonnement  
på **søndagsskolen.no**  
eller **22 08 71 00**.




## Vitsar

Klassa hadde  
matteprøve. Ei av  
oppgåvene var slik:  
«Eit hus har 5 etasjar.  
Kvar etasje har 20  
trappetrinn. Kor mange  
trappetrinn må du då gå for  
å kome til toppen?»  
– Enkelt, tenkte Ole, og  
skrev: «Alle.»

- Korleis er den nye gitaren din?
- Eg måtte kaste han.
- Kvifor det?
- Den hadde jo eit  
stort hol i  
midten!

Kva  
får du dersom du  
kryssar ein kalkulator  
med eit menneske?  
Svar: Ein ven du kan  
rekne med.





## Stedjetunet og innreiing

Forsamlingssalen er ferdig, men framleis finst noko du kan få vera med å finansiera

No er forsamlingslokalet på Stedjetunet ferdig og klar til bruk. Me har fått på plass både stolar, bord, lydanlegg, piano og eit heilt ferdig innreia kjøken. Likevel er det noko som manglar. På Stedjetunet skal det vera kjekt å møtast, arrangera selskap og konserter, og det skal vera koseleg og praktisk når me til dømes skal ha kyrkjekaffi eller babysong. Me ynskjer å få på plass ein lang skjenk, tre lette sofa og to gode stolar til salen,

ei garderobeløysing i gangen, sitjeputer til vindaugekarmen i foajeen, nokre store planter, eit enkelt «altarbord» og ein lett «talarstol». Men alt dette kostar: Om du ynskjer å støtta innkjøp av dette, er det mogeleg å gjera det ved å betala til bankkontonummer 3720.09.54115 eller på Vipps (nr. 606963 eller søk opp Stiftinga Stedjetunet).

Me håpar så mange som mogeleg vil kjenna seg heime i det nye Stedjetunet.

Gudrun skjerdal

Tekst

Hallgeir Øgaard Westli

Foto

### Takk til Sparebankstiftinga

Stiftinga Stedjetunet fekk før jul 30 000 kroner frå Sparebankstiftinga Sogn og Fjordane. Pengane har vorte brukt til kjøp av innbu i det nye forsamlingslokalet. Me er svært takksame for støtta.



Foto: Sparebanken Vest

### Kr 40.000 til kyrkjelydshytta på Nærstad

Sparebanken Vest har opprettet eit Korona-fond. Stedje sokn søkte om dekking av tapte leigeinntekter og basarinntekter i samband med covid-19 pandemien, og fekk i oktober den gledelege meldinga om at kyrkjelydshytta får kr 40.000 i støtte. Randi Kollsete og Bjørn Skjeldestad frå hyttestyret fekk overrekt gåva av Sidsel Bjørkedal i Sparebanken Vest 19. oktober. Tusen takk!


# To bøker å lesa i samband med Hans Nilsen Hauge-jubileet i 2021

No den 3. april 2021 er det 250 år sidan Hans Nilsen Hauge vart fødd. Og i den samanheng vil eg gjerne peike på to gode og lesverdige bøker som kom ut i 2020.

Til 500 års-markeringa i 2017 for Luther og starten på reformasjonen i 1517, skrev Lars Inge Magerøy ein god biografi om Martin Luther: Munken som endret Europa. Reformatoren Martin Luther. I 2020 kom Magerøy med ei ny bok; «**Da Norge ble luthersk. Fra Martin Luther til Hans Nilsen Hauge**».


Magerøy er pensjonert sokneprest og teolog. Han skriv ikkje tungt og akademisk, men lett, interessant og lesbart for dei fleste. Stoffet har korte, ryddige kapittel og er illustrert. Slik er det og i den siste boka som handlar om då reformasjonen vart innført i Danmark og Noreg. Det tok tid, om lag 300 år, men det er ein svært viktig periode i historia vår. Overgangen frå ei katolsk til ei luthersk kyrkje her i landet var ikkje berre ei kyrkjesak, men òg ei politisk sak, er det sagt. Det var kongen i København, Christian 3, som bestemte det. Han hadde som prins vore til stades på riksdagen i Worms og høyrt Luther, og som mange andre, vart han mektig imponert og overtydd. Han var konge frå 1536 og innførde reformasjonen i Danmark og Norge. Det tok tid. På 1600-talet var det fokus på den reine læra. Så frå midten av 1700-talet kom pietismen. Det vart skule og konfirmasjon. Sentralt her var først og fremst Luthers vesle katekisme og seinare Pontoppidans forklaring: Sannhet til gudfryktighet.

«I løpet av 1700-tallet kan vi regne med at så godt som alle nordmenn



*hadde fått en temmelig grundig opplæring i luthersk tro og lære» (side 241).*

Folket hadde fått kunnskap. Dei siste fem kapitla er om Hans Nilsen Hauge og den store tida med vekking og levande åndsliv som då kom over bygd og by. «Hans Nilsen Hauge representerte noe nytt: Han var en vekker som røsket



opp i folks åndelige og moralske sløvhett, og skapte en livskraftig og selvstendig åndelig bevegelse innenfor statskirkens rammer» (side 242). Når Hauge arbeidde på åkeren ein vårdag i 1796 hadde han ei mektig åndsoppleving. Han omtala opplevinga som «noe overnaturlig, guddommelig og salig». «Det var en herlighet, som ingen tunge kan utsi» (side 162). Han verka så om lag 8 år, ofte med mykje motstand. Frå 1804 sat han i fengsel heilt fram til 1814. Når ein les, vert ein glad og takksam til Gud for den åndeleg arven han gav oss, og som me enno har mykje av i dag.

Den andre boka eg vil nemna er «**Hans Nilsen Hauge. Mannen som forandret Norge**».

Av Alv Magnus, Proklamedia 2020. Johannes Kleppa skriv i Dagen at han har lese mykje om Hauge: «Denne boka vil eg seia er den beste [...] fordi ho på ein svært god måte får fram kven Hauge var, kva han sto for og kva han fekk utført, og kva dette hadde å seia i generasjonar etter hans tid. [...] Dette er ei bok til lærdom, og eg vonar kristenfolket i alle samanhengar- og politikarar [...] tek mot den utfordringa vi her får». Av plassomsyn får dette vera nok, men det er fult ut dekkande. Ånda i denne verda toler ikkje alltid sanningi, det ser me igjen og igjen i Guds Ord og i kyrkja si historie. So og med Hauge, men det vart vekking og åndeleg fornying etterpå i heile 1800-talet og til vår tid. Måtte me makte å bera arven vidare.

**Audun Raubotn**  
Tekst og foto

## Støttespelarene våre:



[www.lerum.no](http://www.lerum.no)

Ditt TRYKKERI i Sogn og Fjordane  
online



Printfarm.no

av Skrivargarden AS



Miljøfyrtårn®



Fossetunet 1 | 6856 Sogndal  
Tlf: 57 67 65 40 | skjeldestad@kontorspar.no  
[www.kontorspar.no](http://www.kontorspar.no)

alliance\*  
—  
OPTIKK

## Sogn Synssenter

Eit variert utval i alle prisklassar av innfatningar, brilleglas, kontaktlinser solbriller, kikkertar og luper.

Tlf: 57 67 50 50



ADVOVATFIRMAET  
**TOLLEFSEN**

Parkveien 5, 6856 SOGNDAL • Tlf. 57 62 88 50 • e-post: [post@advokat-tollefSEN](mailto:post@advokat-tollefSEN)

Ledig annonseplass!

### GRAVMINNE:



Optiker  
**Kjell M. Talleraas**

6856 Sogndal • tlf. 920 94 145 • [nettbriller.com](http://nettbriller.com)

**HOLLEKVE SAG**  
TRE- OG STÅLBYGG

Telefon 90 11 67 83



Byggmester  
**Ingmar Stenehjem**

mob. 90 58 10 21 • tlf. 57 67 29 52  
[www.stenehjembygg.no](http://www.stenehjembygg.no)

**AMFI**  
SOGNINGEN

AMFI Mykje å gle seg til. Alltid.




**NORDBOHUS SGN**  
[www.nordbohus.no/sogn](http://www.nordbohus.no/sogn)



**HOLEN INSTALLASJON AS**

SOGNDAL • GAUPNE • LEIKANGER • VIK

[www.holen-installasjon.no](http://www.holen-installasjon.no) • Tlf. 57 67 75 00 • [post@holen-installasjon.no](mailto:post@holen-installasjon.no)



**Sogn Kontorsenter**  
57 67 66 99  
[www.sognkontorsenter.no](http://www.sognkontorsenter.no)



**solberg**  
el-service



*Telefon heile døgnet:*  
**57 68 14 77**

Kjell Grønli | Hans Magne Kvåle | Ingar Husum | Hege Urnes  
Post- og besøksadresse: Parkvegen 3, 6856 Sogndal



Telefon: 57 67 18 85

Opplæring klasse  
A1-A-B-BE-T-M146

Trafikalt grunnkurs

E-post:  
post@hofslundsgen-trafikkskule.no



**Sognekraft**  
- set krefter i sving

[www.sognekraft.no](http://www.sognekraft.no) - P.b. 3, 6891 Vik i Sogn - post@sognekraft.no



**ALT INNAN TØMRAR  
OG BETONGARBEID**

KONTAKT OSS FOR TILBOD!



**VestlandsHus®**

VestlandsHus Sogn AS • Tlf 57 67 33 88

**ncom**

OFFENTLEG GODKJENT  
REINGJERINGSFIRMA  
[www.ncomsogn.no](http://www.ncomsogn.no)



**ingmar fimreite as**

6856 Sogndal Tlf. 57 67 45 21 - mob. 905 00 331  
[www.fimreite.as](http://www.fimreite.as)

**THARASO AS**



**SOGN  
KJØLESERVICE**  
**sognkulde.no**

57 67 11 11



**dyreklinikken**  
-i Sogndal AS

Man: 18.00 – 20.00  
Tys og ons: 08.00 – 11.00  
Tor og fre: 09.00 – 12.00  
Tlf: 57 67 55 55 / 976 75 555



FRISØR tlf. 906 75 427

Anne-Karin Mundal Bakke

**TRENG DU  
NOKON Å FORTELJE  
DET TIL?**

**KIRKENES  
SOS**  
22 40 00 40

*Ledig annonseplass!*

# Ætti i glede og sorg



Sjå sogndal.kyrkja.no for påmelding til dåp eller ta kontakt med kyrkjekontoret om moglege datoar for dåp og vigsel. Telefon 57 67 99 85

## DØYPTE

### BALESTRAND

13.12.2020	Adrian Skåsheim
13.12.2020	Tirill Skåsheim

### NORUM

01.11.2020	Lone Nedrehagen Flatland
01.11.2020	Jonas Høvik Stadheim
01.11.2020	Hennie Venes Hjellhaug
01.11.2020	Lars Håkon Lund Hjelmeseter
06.12.2020	Leif Sætre Øyrengagen

### KAUPANGER

18.10.2020	Henrik Opseth Grehl
18.10.2020	Sondre Ness Kvam
18.10.2020	Edvin Bøyum

### STEDJE

01.11.2020	Martin Indrebø Øyri Døypt i Førde kyrkje
08.11.2020	Kaia Slinde
22.11.2020	Olav Nondal
22.11.2020	Konrad Martinsen Sundsøy

## GRAVLAGDE

### BALESTRAND – TJUGUM KYRKJE

28.10.2020	Hans P. Thue	f.1928
------------	--------------	--------

### KAUPANGER

09.10.2020	Per Torbjørn Bergli	f.1927
03.12.2020	Frank Morten Bale (Bisetjing)	f.1966
23.10.2020	Gerd Tordis Ørnnes (Bisetjing)	f.1938
27.10.2020	Norodd Sevrin Resaland	f.1949

### STEDJE

03.11.2020	Vegard Nes Olsen	f.1991
11.11.2020	Aslaug Dale (gravlagd på Kaupanger kyrkjegard)	f.1933
12.11.2020	Kitty Hammervoll (gravlagd på Kaupanger kyrkjegard)	f.1926
13.11.2020	Marie Andrea Strømmen	f.1924
27.11.2020	Johanne Hagen	f.1954
10.12.2020	Eldbjørg Guldbech	f.1931
05.01.2021	Harald Tufte	f.1926
07.01.2021	Signe Vigdal	f.1931
22.01.2021	Bergljot Kjellaug Øvreseth	f.1927
29.01.2021	Iselin Offerdal	f.1995
02.02.2021	Kristoffer Nyheim	f.1937

# Velkommen til gudsteneste



Sjå gudstenesteliste i Sogn Avis eller på [www.sogndal.kyrkja.no](http://www.sogndal.kyrkja.no)

På grunn av dei unormale omstenda vi er i, kan gudstenester bli endra eller flytta på kort varsel. Vi har difor valt å ta fullstendig gudstenesteliste ut av dette nummeret av kyrkjelydsbladet.

Vi gjer vårt for å halde oppe eit så godt tilbod som mogleg og har som mål å halde minst ei gudsteneste i kommunen kvar sundag, anten digitalt eller i ei kyrkje.

Vi vil oppmøde våre lesarar til å følgje med i Sogn Avis, på våre nettsider [www.sogndal.kyrkja.no](http://www.sogndal.kyrkja.no) og på våre Facebook-sider for oppdaterte gudstenestetidspunkt.

På sida [www.sogndal.kyrkja.no/Ditt-sokn](http://www.sogndal.kyrkja.no/Ditt-sokn) og på sidene for kvart sokn, vil du finne gudstenestelister som til ei kvar tid er oppdaterte mot vårt kalender-system.

På vår Facebook-side, «Kyrkja i Sogndal», vil vi publisere vekas gudstenester.

Vi gjer merksam på at alle gudstenester og andre arrangement vert haldne etter dei til ei kvar tid gjeldande smittevernreglar.

Vi oppmodar våre lesarar om å halde seg oppdatert på desse frå både lokale og nasjonale myndigheiter.

På våre nettsider kan du og lese meir om krossvandringa **VIA DOLOROSA** og håpsvandringa **VIA LUCIS**. Dette er sett med plansjar til to ulike vandringsruter som kyrkjelydar kan bruke no i koronatida og elles.  
Sjå nederst på forsida på  
**[www.sogndal.kyrkja.no](http://www.sogndal.kyrkja.no)**.



## Planlagde gudstenester i påska 2021:

MARS

28. mars, Palmesundag Fjærland kyrkje kl. 11.00: Gudsteneste  
Fjordtun oppvekstsenter kl. 11.00: Gudsteneste

APRIL

1. april, Skjærtorsdag  
Ølmheim kyrkje kl. 11.00: Skjærtorsdagsgudsteneste  
SHOS kl. 13.00: Skjærtorsdagsgudsteneste  
Britabu kl. 13.00: Skjærtorsdagsgudsteneste  
Leikanger kyrkje kl. 19.00: Skjærtorsdagsgudsteneste  
Stedje kyrkje kl. 20.00: Skjærtorsdagsgudsteneste

2. april, Langfredag  
Sæle kyrkje kl. 11.00: Gudsteneste  
Kaupanger stavkyrkje kl. 11.00: Pasjonsgudsteneste  
Leikanger kyrkje kl. 19.00: Pasjonsgudsteneste  
Stedje kyrkje kl. 20.00: Pasjonsgudsteneste

- |                       |  |
|-----------------------|--|
| 4. april, 1. påskedag | Stedje kyrkje kl. 11.00: Høgtidsgudsteneste<br>Leikanger kyrkje kl. 11.00: Høgtidsgudsteneste<br>Tjugum kyrkje kl. 11.00: Høgtidsgudsteneste |
|-----------------------|--|



*For planlagde gudstenester for born og unge, og konfirmasjonar, sjå annan stad i bladet.*



## Vår vår i vår

Vår er eit ord med tydeleg innhald.  
No er me der snart, 'med lengting,  
liv og song'!

Vår er samstundes eit tvetydig ord;  
me skjønar det alt ut frå  
samanhengen. Substantivet har  
bjørkesprett i seg, men pronomenet  
er utan pollen!

'Vår første føling av vår' har i seg  
begge ordklassane.

Eigedomspronomenet står oss  
nærast, fordi me brukar det oftast.  
Og so har det jo si rot i 'eg' og 'oss'.

Året 2020 sette prøve på begge  
delar. Våren blei veldig 'vår'. Me  
måtte finna oss i å seja meir oss og  
vår enn eg og mitt.

Sanneleg ser det ut som våren 2021  
gjev oss same leksa; kanskje er me  
meir budde no?

Våren ute er nettopp dèt: den  
omsluttar alt vårt. Samstundes  
triggar vårdagane våre dagar. Me lyt  
gjera våren til vår!

Det me ikkje eig eller rår med, får  
me prøva få eit eigarforhold til.  
Våren er større enn vårt. Slik er det  
med mykje i livet: livet er større enn  
den einskilde, men på same tid er  
det vårt liv. Vårt heimland er vårt,  
men er ein arv større enn berre for  
meg og oss som heiser flagget i mai.

Me faldar våre hender og seier 'Vår  
Far i himmelen'. Vår himmelske Far  
er større enn alt vårt, men me får  
likevel kalla han vår.

No rører me ved noko av det store i  
livet og i kristentrua: eg høyrer livet  
til. Eg har del i livet, eg høyrer Gud  
til, eg har del i Gud.

Me kan bli svimmel av mindre! Skal  
me ikkje rett og slett berre la våren  
omslutta alt vårt! Skal me ikkje  
berre la oss omfamna av Gud! Det  
skjer mellom anna når me kallar  
himmelens Gud for vår.

Våren let sognebygdene strutta.  
Me anar at våren er vår Far si  
påminning om ein annan vår: om  
eit par månader er det Pinse. Guds  
milde vårvind varmar vår sjel. 'Vår  
ute, vår inne,' for å feilsitera litt!

Trua er svær, så svær at berre Gud  
kan stå bak. Men ho blir ved dåpen  
og Anden vår. Til å kvila i, til å veksa  
i.

Me slit alle med litt 'pollen-allergi'  
i møte med Guds skapande ande.  
Men pollen er jo liv, om det enn  
'klør litt' i nase, svelg og auge. Vår  
inn- og utpust kan bli litt anstrengt  
framover våren. Også når Vår Far  
kjem oss nær i våre liv, vår sjel. Men  
det er dèt som gjev liv. Herren Jesus  
kjem oss nær, han er Guds einborne,  
men samstundes vår ved trua.

Det er straks påske. Påske er  
alltid om våren. Den krossfeste og  
oppstadne møtte menneske, redde  
og tvilande. Levande menneske,  
utanfor ei grav, eller bak stengde  
dører, til 'minnesamver'. Herren  
over dødens makt møtte sine att,  
so dei kunne kalla han sin eller vår  
Herre og Frelsar.

Ordet påske tyder 'forgivelse', men  
sanneleg kan det treffa oss midt i  
fleisen, lik ein overraskande vårdag  
som tek pusten frå oss, i alt sitt  
veldige 'frå-død-til-liv'. Og ute syng  
'fuglane under himmelen' (Matt 6),  
som vil dei 'kora' oppstoda og livet.

God påskehøgtid og god vår!

*La livets kilde flyte,  
så ingen stanser den!  
La folkeslag seg fryde  
Mens tider farer hen!  
La lykkes Jesu navn,  
så vi vår vei kan finne  
inn i din faderfavn.  
(N 371,4)*

*Geir Paulsen  
Prost*